



Fedje kommune

Innkalling av Ungdomsrådet

Møtedato: 07.10.2020
Møtestad: Sosiale rommet i Fedje fleirbrukshall
Møtetid: 18:00 - 20:00

Det vert opplæring for nytt ungdomsråd med ordførar, samt informasjon frå representant frå SALTO med fleire i møtet.

Det er viktig at alle held smittevernreglane:

- Hald avstand (minst 1 meter)
- Vask hender
- Ikkje kom på møtet om du er sjuk

Eventuelle forfall må meldast til Dagrun Gunnarson per tlf. 56165107, sms til 95242371 eller per epost til dagrun.gunnarson@fedje.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
024/20	Opplæring i ungdomsrådsarbeid
025/20	Val av leiar og nestleiar i ungdomsrådet
026/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
027/20	Godkjenning av møtebok
028/20	Referatsaker
029/20	Neste møte i ungdomsrådet

30. september 2020

Dagrun Gunnarson
sekretær



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	20/60

Saksnr	Utval	Type	Dato
024/20	Ungdomsrådet	PS	07.10.2020

Opplæring i ungdomsrådsarbeid

Saksutgreiing:

Ordførar Stian Herøy kjem og gjev opplæring i:

- Kva er ungdomsrådet?
- Korleis gjennomfører de eit møte i ungdomsrådet?
- Korleis kan de ta opp saker de er opptatt av, og korleis kan de påverke kommunestyret?

Forslag til vedtak:

Ungdomsrådet tar opplæringa til orientering.



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	20/60

Saksnr	Utval	Type	Dato
025/20	Ungdomsrådet	PS	07.10.2020

Val av leiar og nestleiar i ungdomsrådet

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Ungdomsrådet veljer sjølv leiar og nestleiar.

Det står i vedtektene for ungdomsrådet:

2.4. Konstituering

Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv, og vel leiar og nestleiar. Vala gjeld for eitt år.

Sist ungdomsråd ville gjerne at både faste medlemmar og varamedlemmar møter i alle møte. Då har faste medlemmar stemmerett i kvar sak, men ikkje varaene. Men alle kan vere med i diskusjonen og alle får møtegodtgjersle (300 kr pr. møte, vert betalt ut i juni og desember).

Innkalling med sakspapir kjem på e-post ei veke før møtet.

Sist ungdomsråd pleide også å sende ut ein snap på gruppa «Ungdomsråd på Fedje» om at folk måtte lese e-posten sin.

Forslag til vedtak:

..... vert vald til leiar og vert vald som nestleiar av Fedje ungdomsråd skuleåret 20/21.



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	20/442

Saksnr	Utval	Type	Dato
026/20	Ungdomsrådet	PS	07.10.2020

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	20/442

Saksnr	Utval	Type	Dato
027/20	Ungdomsrådet	PS	07.10.2020

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:
Protokoll - Ungdomsrådet - 02.09.2020

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.



Fedje kommune

Møteprotokoll for Ungdomsrådet

Møtedato: 02.09.2020
Møtestad: Digitalt møte på Teams
Møtetid: 17:00 - 18:30

Møtet vart gjennomført på Teams, sidan det elles ikkje hadde vore mogleg å få til vedtaksført møte pga forfall.

Møtedeltakarar	Parti
Amalie Henden Kleppe	
Frida Herøy	
Hanne Leah Waage Rognsvåg	
Otto-Andre Nordby	H

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Maren G. Tunland	
Marius Waage	
Ståle Opsahl	

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Dagrun Gunnarson

Sakliste

Saknr	Tittel
018/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
019/20	Godkjenning av møtebok
020/20	Referatsaker
021/20	Ny gjennomgang av ungdomsrådet si samansetting
022/20	Ny legeteneste på Fedje
023/20	Eventuelt ungdomsrådet 02.09.20

018/20: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Ungdomsrådet 02.09.2020

Behandling:

U - sak 018/20 Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

019/20: Godkjenning av møtebok

Ungdomsrådet 02.09.2020

Behandling:

U - sak 019/20 Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

020/20: Referatsaker

Ungdomsrådet 02.09.2020

Behandling:

U - sak 020/20 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering. Sak om leserinlegg vert utsett til neste møte.

Samrøystes vedteke.

021/20: Ny gjennomgang av ungdomsrådet si samansetting

Ungdomsrådet 02.09.2020

Behandling:

U - sak 021/20 Vedtak:

Ungdomsrådet ønsker å vere fleire enn 5 medlemmar, men ser at det er mogleg innafor gjeldande vedtekter ved at det vert valgt varaer, og dei vert invitert med på møte. Då vil det vere mogleg å få inn og lære opp nokre yngre medlemmar, og det vil vere enklare å lage arrangement. Ungdomsrådet vil forsøke å rekruttere nye kandidatar til ungdområdet via oppslag før kommunestyremøtet. Samrøystes vedteke.

022/20: Ny legeteneste på Fedje

Ungdomsrådet 02.09.2020

Behandling:

U - sak 022/20 Vedtak:

Ungdomsrådet ønsker å ha mest mogleg lege tilgjengeleg på Fedje. Samrøystes vedteke.

023/20: Eventuelt ungdomsrådet 02.09.20

Ungdomsrådet 02.09.2020

Behandling:

Otto-Andre Nordby: Utfordrar medlemmane i ungdomsrådet til å snakke med dei andre ungdommane på Fedje om kva dei meiner kommunestyret bør jobbe for i tida framover, og kva dei saknar på Fedje, og kva som skal til for at dei skal velje Fedje i framtida. Med evt. presentasjon i kommunestyret. Tar det med som sak i neste ungdomsrådsmøte.

U - sak 023/20 Vedtak:

Ingen vedtak under eventuelt.



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	20/442

Saksnr	Utval	Type	Dato
028/20	Ungdomsrådet	PS	07.10.2020

Referatsaker

028/20.1. Informasjon til ungdomsrådet 07.10.20

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.



Fedje kommune

Personalleiar/leiar fellestenester

Fedje ungdomsråd

Referansar:

Dykkar:

Vår: 20/60 - 20/5051

Sakshandsamar:

Dagrun Gunnarson

dagrun.gunnarson@fedje.kommune.no

Dato:

29.09.2020

Informasjon til ungdomsrådet 07.10.20

- Representant frå SALTO og politiets ungdomskontakt kjem og informerer litt i møtet
- Ungdommens distriktspanel er ein moglegheit til å påverke regjeringa sin politikk retta mot ungdom i distrikta gjennom ei spørjeundersøking eller meldingar via SoMe. Sjekk ut: <https://ungdomspanel.distriktssenteret.no/>

Med helsing

Dagrun Gunnarson

Personalsjef/leiar fellestenester

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fedje ungdomsråd



Fedje kommune

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	20/60

Saksnr	Utval	Type	Dato
029/20	Ungdomsrådet	PS	07.10.2020

Neste møte i ungdomsrådet

Saksutgreiing:

Ungdomsrådet har rett til å uttale seg til kommunen sitt budsjett for neste år. Budsjettet styrer kva kommunen brukar pengar på neste år.

For at ungdomsrådet skal kunne gje råd til kommunestyret i denne saka, må dei ha eit møte ein dag mellom 2.november til 20.november.

Forslag til vedtak:

Neste møte i ungdomsrådet vert kl.